

# SPRÅK *nytt*

MELDINGSBLAD FOR NORSK SPRÅKRÅD

28. årgang 3/2000



## Tid for ord

**D**EN 22. JUNI i år ble Ivar Aasen-tunet i Ørsta åpnet. Dette skjedde 150 år etter at en av hjørnesteinene i Aasens arbeid – *Ordbog over det norske sprog* – kom ut. Ordboka er i år kommet ut i ny utgave med latinsk skrift, og den er ikke bare en hjørnestein i Aasens arbeid, men et viktig grunnlag for hele den nynorske skriftradisjonen. Den utgjør også en viktig del av kildematerialet for prosjektet *Norsk ordbok*, som Lars S. Vikør skriver om i dette nummeret av *Språknytt*. Dette ordbokprosjektet, som til nå har pågått i (minst) femti år, er uten sammenlikning den største ordbokssatsing i Norge, og det omfatter ord både fra dialektene og fra det nynorske skriftspråket. Prosjektet er av en slik størrelse at det i vår til og med ble presentert i *Dagens Næringsliv*, en avis som vanligvis ikke ofrer spalteplass på humanistisk forskning, og slettes ikke på norske dialekter og nynorsk skriftspråk. Men så var det også økonomien og tidsperspektivet avisa var mest opptatt av. Departementet har nemlig gått inn for at ordboka skal være ferdig i 2014, og det krever både økte ressurser og en effektivisering av arbeidsrutinene. Som brukere av ordboka og som humanister som er vant til å tenke i lengre tidsbaner enn «kjappe» økonomer, får vi håpe at de nye rammene for prosjektet ikke går på bekostning av kvaliteten i ordboka!

Som andre store forskningsprosjekt har også dette hatt flere *spinoff* – eller kanskje

bør vi kalle det side- eller ringvirkninger (jf. Helge Sandøys artikkel). Blant annet vil den elektroniske databasen være verdifull for kommende ordboksarbeid og for mye annen språkforskning. I tilknytning til prosjektet er det også utviklet betydelig datafaglig kompetanse. Det siste fører oss over til Jon Grepstads artikkel, som handler om språklig likestilling på datamaskinen. Informasjonsteknologien er et raskt voksende område, der internasjonal teknologi støtter sammen med språk og kultur på en langt mer direkte og faretruende måte enn før. I denne sammenheng blir det viktig at internasjonal teknologi og internasjonale markedskrefter ikke får overstyre norske kulturelle verdier. Som minoritetsspråk er nynorsk spesielt utsatt. Men målet må selvsagt være å ta vare på alt norsk språk – både bokmål og nynorsk.

Og så får vi håpe at barn og unge ikke helt slutter å lese, med de konsekvenser det ville få for norsk skriftkultur og for ord og ordforståelse. Rolf Jacobsen peker i diktet *Bildene* på at «ordene har fått lengre vei å gå» i vår tid – de kommer ikke så selvfølgelig inn «i stua» lenger. Kanskje bør vi ofre litt ekstra tid – og penger – på å gi dem en plass i «sofaen» igjen?



### INNHALD 3 / 2000

- |    |                                     |    |                           |
|----|-------------------------------------|----|---------------------------|
| 1  | Norske avløysarord                  | 21 | Vedtak frå Norsk språkråd |
| 6  | Avløysarord og motivasjon           | 22 | Tid og årsak              |
| 8  | Språkleg jamstilling på datamaskin  | 25 | Nytt frå Språkrådet       |
| 12 | Norsk Ordbok ved ein skiljeveg      | 26 | Nyord                     |
| 15 | Barn og unge lesar mindre           | 27 | Du spør – vi svarer       |
| 18 | Ordforståing og offentleg språkbruk |    |                           |

# Norske avløysarord

HELGE SANDØY

V I Ø N S K J E R å finne norske avløysarord fordi dei norske orda er lettare å uttale, og dei føyer seg betre inn i norske grammatiske mønster. Dessutan gir dei nordmenn klårare assosiasjonar enn dei utalandske orda gjer. For eksempel er ordet *manager* ulagleg i norsk, sjølv om det har vore brukt i lengre tid og står i norske ordbøker. På grunn av uttalen kjenner folk dette ordet som fremmdt og avstikkande. I slike tilfelle burde vi ha laga og teke i bruk eit betre ord.

Men ein treng ikkje investere krefter i å lage avløysarord for alt nytt som kjem. *Stress* har vi ingen problem med i norsk. Verbet *kråle* fungerer også perfekt. Vi uttalar det med norske lydar, bøyer det på norsk og lagar nye samansette ord med det. Nett som om ordet var eit arveord. Det er vel tvilsamt om det hadde vore noka vinning om det i si tid blei innarbeidd eit beskrivande ord, f.eks. *kravlesymje*. Det ville vere som å skifte ut *hjarte* med *blodpumpe*.

Slik kan ein også tenkje om ordet *skanne*. Ein kunne laga ord som f.eks. *innlysar* og *lyseslar*, og desse orda er i seg sjølve gode. Men dei er lengre. Kan hende var det like godt at vi tok inn det nye ordet i norsk for denne spesielle søkjeteknikken. Ordet har faktisk vore i bruk i norsk frå 1960-talet. Ordet føyer seg lett inn i norske bøyningar og ordlagingsmønster (jf. *skannar*, *skanneteknikk*). Einaste problemet med ordet er at mange ikkje uttalar det med vokalen *a*. Det har blitt eit

problem først og fremst dei siste åra etter at datateknikken har gjort skannarane så utbreidde. Mange uttaler ordet *skanne* slik at det rimar på *venne*, og somme bruker ein meir engelsk ælyd. Det hadde vore ein fordel om språkvanane her endra seg, slik dei har gjort f.eks. når det gjeld *jass*, *kidnappe* osv., som i dag er uttalte med *a*. Dette (ev. mellombels) problemet er kanskje mindre enn problemet med å byte ut importordet med eit heilt nytt.

## Eitt eller fleire avløysarord?

Norske fagtermar bør mest mogleg stå i eit ein-til-ein-forhold til dei utalandske. Men mange av allmennorda har ofte ein så sterkt beskrivande funksjon at dei lettare kan 'omsetjast' friare slik

*Ei av oppgåvene til Språkrådet er å fremje norske ord i staden for engelske. Døme på gode avløysarord er idédugnad for "brainstorming" og nakkesleng for "whiplash". Som eit ledd i dette arbeidet har Språkrådet nyleg oppretta Ordsmia, som mellom anna omfattar eit e-postforum og ei nettside med aktuelle ord frå engelsk.*

*Adressa er [www.sprakrad.no/ordsmia.htm](http://www.sprakrad.no/ordsmia.htm)*

*Her trykkjer vi to artiklar om det å lage gode avløysarord. Vi inviterer lesarane til å sende inn engelske ord som treng norske avløysarar, og framlegg til avløysarord.*

TEMA  
TEMA

at ein bruker ulike ord på norsk alt etter samanhengen. Beskrivande norske ord er somtid fulltreffarar berre innafor eit avgrensa bruksområde for det utalandske ordet, og derfor vinn dei ikkje fram innafor andre kontekstar. For eksempel har ordet *tilbakemelding* sigr på eitt felt i norsk, men i samband med pumpeteknikk heiter det nok *feedback*, for der kan ikkje *tilbakemelding* brukast. Med tanke på at orda skal gi klare bilete eller gode beskrivingar, kan det nettopp vere ein fordel om ein får ulike avløysarord alt etter kva område dei blir brukte på.

Det er altså ikkje eit enkelt svar på om ein skal utarbeide eitt eller fleire avløysarord. Men di sterkare fagtermkarakter ordet har, di større fordel er det med berre eitt avløysarord, dvs. eit ord som kan definerast likeins som det tilsvarande utalandske ordet.

Når det gjeld å lansere framlegg til avløysarord, er ein ikkje avgrensa til å autorisere berre eitt. Det har ikkje skjedd nokon stor skade om ein har fleire ord for same omgrepet ei tid. Da kan skaparevna få boltre seg litt lenger, og det endelege resultatet kan bli betre – anten det blir eitt eller fleire ord. I dag blir *outsourcing* tilrådd bytt ut med både *utkontraktering*, *utsetjing*, *konkurransetsetjing*, *driftsetsetjing* og *utskiljing*, og *displei* har fått både *teiknrute*, *teiknvindauge*, *skjerm* og *panel* som foreslåtte norske tilsvaer. Tida får vise kva ord som slår best an.

### Språklege krav til norske ord

Ord bør vere forståelege! Ei slik utsegn kan bety fleire ting, for

- vi kan forstå eit ord fordi *delane av ordet gir oss peikepinnar om kva innhaldet skal vere*, og
- vi kan forstå eit ord fordi *vi har lært det i barndomen eller gjennom seinare erfaring*.

Til siste typen ord høerer grunnorda i språket. Dei er byggjeklossar og gir ingen peikepinnar. Det er ingenting i ordet *mat* som fortel oss at dette er noko kroppen treng. Den tida vi hadde ordet *automobil*, kunne den litt språkkunnige få peikepinnar om kva det ordet skulle tyde. I dag har vi att berre ordet *bil*, som ikkje seier oss nokon ting om utsjanad eller funksjon. Men det nye ordet fungerer i praksis like godt – om ikkje betre pga. at ordet er blitt kortare. Eit beskrivande samansett ord er dermed blitt endra til eit grunnord, ein byggjekloss.

Vi treng ei mengd byggjeklossar, dvs. grunnord som ikkje kan delast i mindre meiningsberande einingar. Men når vi byggjer vidare med desse klossane, kombinerer vi grunntydingar på måtar som gir oss nye meiningar. Desse nye orda, som aller oftast er samansetningar, er berre meir og mindre presise. Eit ord som *bilmatt* seier ikkje klart kva ordet skal bety, men i praksis er det nokså avgrensa kva vi kan leggje i det. Det same gjeld òg *matebuss* – som likevel er noko heilt anna. Ein *brannslange* kunne jo vore ein slange til å sprute bensin på flammene med, men vi har erfart at forholdet mellom dei to ledda i ordet skal oppfattast annleis, at det altså er ein *slange* vi sløkkjer *brann* med. Vi kunne sjølv sagt seie *brannsløkkingsslange*, men det blir litt for langt.

Det er ei vanleg mistyding at orda våre bør vere mest mogleg presise. Det er f.eks. blitt brukt som argument mot *sikringssystem* for *backup system*. Men dei engelske orda vi tek inn, er heller ikkje presise i engelsk. Språket er ikkje slik at det krevst 100 % presisjon av orda. Det ville ende i absurditetar. Sjølv lange ord ville ikkje seie alt. Ivar Aasen noterte seg i 1873 dette ordet for apotekar i ei tysk avis:

*Gesundheitswiederherstellungsmittel-*  
*zusammenmischungsverhältnisskundi-*  
*ger*

*brainstorming* > idédugnad, idémyld-  
*ring*  
*whiplash* > nakkesleng

Vi forstår godt at ordet ikkje kom i allmenn bruk! Orda som skal bety noko i seg sjølv, treng ikkje anna enn å antyde kva det skal bety. Presisjonen kjem med erfaringane våre. Og ord som vi bruker ofte og har mange erfaringar med, kan vi korte inn. Det er ikkje berre *automobil* som er blitt innkorta, det gjeld også *omnibus* og *flygemaskin*.

Ledda i ei samansetning skal gi peikepinnar om innhaldet. Men grammatikken styrer også litt. Sisteledet i ei samansetning bør vere nokså pre-sist. Ein *brannslange* bør i alle fall vere ein slange, same korleis forholdet er til brannen. Og både *brannvern* og *barnevern* bør vere eit *vern*, så får det vere opnare om det er *for* barn eller *mot* brann.

Når ein lagar avløysarord, prøver ein seg oftast først med å lage direkte omsetjingar, gjerne ledd for ledd:

*fringe benefits* > frynsegode  
*freeze dry* > frysetørke  
*supply boat* > forsyningsbåt

Ofte går dette bra, særleg når ledda er godt beskrivande også i engelsk. Men det hender seg at det ikkje klaffar så godt pga. at assosiasjonane er ulike på dei to språka. I alle fall gir *terrengsykkel* ei betre beskriving for oss enn *fjellsykel* (jf. *mountain bike*). Sameleis fungerer kanskje *hjerneflukt* betre på norsk enn *hjernetapping* for *brain drain*. Slikt gjer at ein i ein del tilfelle tener på å omsetje eine leddet «fjernare» frå det engelske:

*maskinvare* (engelsk 'hardware')  
*programvare* (engelsk 'software')

Ofte må ein stå friare i begge ledda:

*time out* > klokkestopp  
*knowhow* > fagkunnskap (ekspertise)

Her står det ofte på fantasi til å kombinere to ledd slik at assosiasjonane blir styrte på rett veg, og det engelske ordet kan gi eit godt utgangspunkt. Når det engelske ordet ikkje er samansett, lagar vi likevel ofte samansetning på norsk:

*barbecue* > grillfest  
*manual* > handbok  
*browser* > nettlesar

### Konnotasjonar og metaforar

Norske beskrivande ord har ofte konnotasjonar (tilleggstydingar) pga. at dei har fått ein spesiell eller avgrensa bruk. For eksempel er *biverknad* ofte ein uventa eller ubehagelege verknad, som f.eks. av medisininbruk. Det gjer at dette ordet stiller med eit handikapp når ein bruker det som avløysar for *spin-off*. Eit handikapp kan sjølvsagt overvinnast, men dersom ein kan finne eit ord som har eit betre utgangspunkt, står ein strategisk sterkare. *Sideverknad* og *følgjeprodukt* er nye og heilt nøytrale, og har dermed ein fordel. Men i mange samanhengar ønskjer ein å uttrykkje noko positivt med *spin-off*, og da kan f.eks. eit framlegg som *knoppskyting* eller *knoppskott* ha meir for seg. Nye bedrifter som veks opp som ei følge av ein aktivitet, kan ein dermed omtale som *knoppskytingar*, *knoppskott*, *knoppskottsbedrifter* osv. Her kan det nettopp vere ein intensjon å formidle visse konnotasjonar til det fruktbare, og da vil det eine framlegget til avløysarord komme betre ut enn dei andre.

Den kjøkkenmaskina som har komme inn i mange hus, heiter *food processor* på engelsk. For nokre år sia var det ei som kom på ordet *matmølle* i ein idédugnad mellom Språkrådet og eit

forlag, og det er blitt brukt i ei lærebok i matlaging. Ordet er spenstig, for det gir ein del assosiasjonar, det er ein leik med fantasien. Men dermed verkar det ikkje heilt stilnøytralt, og ordet har dessverre ikkje fått fullt gjennomslag. Hittil har forretningane halde seg til dei meir keisame løysingane *kjøkkenmaskin* eller *matprocessor*. Dei orda er heilt gode norske ord, men ikkje nokon dristige nyskapningar.

### Kulturelle sperrer og krav

Skal eit ord slå an, er det ikkje nok at det er språkleg godt, f.eks. at svært språkengasjerte personar kan føle at dette er eit treffande ord. Vanlege folk skal også tore å ta i bruk ordet utan å føle at det blir oppfatta som tilgjersle. Derfor er det at heilt nøytrale ord slår godt igjennom – så nøytrale at ein ikkje oppdagar at dei er nye! Og derfor slår f.eks. metaforiske ord som *matmølle* sjeldan igjennom i norsk. Men *vev* for *web* ser ut til å vinne fram, så ein skal aldri seie aldri!

Det er mange «feller» ein kan gå i når ein lagar nyord. Det ser ut til at dersom eit ord kan verke avleggs eller dialektalt, er det ubrukande i eit avløyсарord i norsk i dag. Ord som på ein eller annan måte er kulturpolitisk markerte, går liksom over streken for det akseptable på norsk.

I ei latterleggjering av nynorsk blei det for ikkje lenge sia laga T-skjorter med påskrifta «skakamjolk». Det skulle vere eit nynorskord for *milkshake*. Dette nylaga ordet har aldri vore brukt i nynorsk, der har ein godkjent *milkshake* like mye som i bokmål. Eksempelet fortel såleis mest om oppfatningar av kva som verkar latterleg. Språkleg sett er faktisk ordet svært godt, og *skake* kunne endatil gi assosiasjonar til engelsk *shake*. Ordet *skake* betyr 'riste hardt'. Men dette ordet er ikkje brukt

allstad i landet i ei slik konkret tyding; og dermed kjem ei sperre inn pga. assosiasjonar til det regionale – når viljen ikkje er stor nok.

Dette er slikt vi kunne kalle stilistiske sperrer. Det finst også andre sperrer ein må ta omsyn til og halde seg innafor for å vere taktisk: Det er ikkje på alle område ein ønskjer å vere direkte beskrivande. Der kan ein komme seg unna med pyntande beskrivingar eller med å unngå beskriving. Dette er igjen kulturavhengig. For eksempel har både islandsk og norsk adjektivet *tunglynd*, og på islandsk bruker ein substantivet *tynglyndi* om den psykiske plaga. På norsk kallar vi ho meir og meir for *depresjon*. Latinske sjukdomsnamn vitskapleggjer fenomenet for oss nordmenn, og fjernar det frå det individuelle. Med ein latinsk term opplever vi at plaga er meir definert som ei lidning eller sjukdom. Islandingane greier å leggje tilsvarende assosiasjonar i arveordet sitt.

Kanskje vi også skal sortere eit anna poeng under kulturelle krav, eventuelt under læringskrav: Det kan sjå ut som det er ein strategisk fordel om det norske ordet har ein viss likskap med det utalandske, om ikkje anna at det begynner på same lyden: *minne* for *memory*, *verkstad* for *workshop*, *plakat* for *poster*, *lenkje* for *link*, *flammepest* for *flame mail* osv. Det blir sjølvsagt svært tilfeldig om ein kan få dette til å passe, men også i islandsk språkrøktarbeid er det framheva at dette kan ha ein positiv verknad. Denne verknaden kan komme av at det lettast assosiasjonane i ein periode før det heimlege ordet er fullstendig innarbeidd og automatisert. Har ein arbeidd med eit emne mest på engelsk, vil jo naturleg nok det engelske ordet lettast bli aktivert i hjernesellene. Styrken i assosiasjonsbanda i hjernen er jo avhengig av bruksfrekvens. Dermed blir dette eit

minneteknisk (mnemnoteknisk!) poeng, men ikkje eit poeng som er knytt til den indre strukturen i vårt eige språk.

### Mislykka avløysarord?

For ordet *offshore* (frå 1960-talet) blei det tilrådd frå Språkrådet å bruke omsetjinga *utaskjers*, men det har neppe fått stor bruk. Det kan vere fordi dei interessante eigenskapane ikkje blei godt beskrivne med *utaskjers*, jamvel om det engelske ordet heller ikkje seier noko meir. At det er knytt noko spesielt til miljøet og arbeidet, får ein ikkje fram med *utaskjers*. Dermed gjer filmserien på fjernsynet seg best som *Offshore*; da markerer ein noko spesielt.

Men det engelske ordet *offshore* har heller ikkje blitt fullstendig dominerande, for ein taler like gjerne om *oljeindustrien*, og dei som arbeider på plattformar, arbeider *på olja* og reiser *uti Nordsjøen* på arbeid. Ein uttrykkjer seg altså ofte annleis enn med å bruke *offshore* eller *utaskjers*.

*Policy* blei teke i bruk i norsk i 1961. Det kan lett omsetjast med både 'politikk' og 'politiske retningslinjer', men

denne heimlege omskrivinga har enno ikkje greidd å trengje ut att det engelske importordet. For ordet *chips* kan ein òg finne avløysarord, f.eks. *potetlauv* og *potetgull*. Men det ser helst ut til at *chipsen* har ete seg fast. Kva skal vi da gjere? Det treng ikkje vere noko nederlag, for nye ord i språket treng ikkje vere til skade. Skriv vi *pol-lisy* og *sjips* er ingen større skade skjedd enn da vi fekk *kjeks* og *sjy*, vi kan heller seie at orda har gjort språket rikare.

Ord som norsk godt kan ta opp, kan vi skrive etter det norske ortografiske mønsteret. Norsk språkråd har vedteke retningslinjer for slik norvagingering, f.eks. at det er aktuelt med norsk skrivemåte berre ved usamansette ord i engelsk. Andre restriksjonar på dette og detaljar om korleis ein skal overføre orda til norsk ortografi, finn ein på nettsida

<http://www.sprakrad.no/import.htm>

## Ingen rettskrivingsendringar i år

På årsmøtet i februar behandla Norsk språkråd endringar i rettskrivinga for bokmål og nynorsk. Kulturdepartementet har no avgjort at det ikkje blir endringar i rettskrivinga i år, verken i læreboknormalen eller den vidare rettskrivinga. Det inneber at forlaga kan gje ut lærebøker og ordlister for neste skoleår med same rett-

skrivning som før.

Kulturdepartementet har med dette ikkje avvist dei rettskrivingsvedtaka som Norsk språkråd sende inn til godkjenning tidlegare i år. Men vedtaka er meir omfattande enn vanleg, og dei reiser visse prinsipielle spørsmål som må vurderast i ein vidare samanheng.

# Avløysarord og motivasjon

JOHAN MYKING

Ein av dei viktigaste eigenskapane av løysarord kan ha, er å skildra innhaldet som ordet representerer, dvs. omgrepet. Vi seier gjerne at slike avløysarar er «sjølvforklarande», «gjennom-siktige», «transparente», eller med eit fellesord: *motiverte*. Dei mest typiske gjennom-siktige orda er avleiingar og samansetningar, der dei einskilde morfologiske elementa i ordet peikar mot viktige drag ved innhaldet: *blå-bær* i motsetnad til *blå* og *bær* kvar for seg. I andre tilfelle kan elementa vera metaforiske (biletlege) samband, jf. *minne* og *mus* i dataspråket. Alle slike mekanismar sikrar at nye ord vert grammatisk og semantisk integrerte i morsmålet, og ikkje ståande som isolerte merkelappar. Det finst truleg ein ibuande mental tendens til å leita etter gjennom-sikt, som når *universitet* vert feiltolka som «undervisitet».

Når det gjeld avløysarar og nyord, kan ei vanleg argumentasjonsrekke skisserast om lag slik: Di større gjennom-sikt, di lettare er det å avkoda ordet, dvs. forstå det. Og di lettare ein avløysar er å forstå for brukaren, di større sjanse har ordet til å verta godteke og brukt. Derfor er det ein fordel med norske ord i staden for utanlandske, og med samansette ord i staden for enkle. Aller mest negative er vitkapsord av gresk opphav, fordi ordlagings-elementa er framande og sambandet mellom dei lite gjennom-siktig, dessutan forkortingar, fordi ein vanskeleg kan gissa kva som gøymer seg bak bokstavane – ein må rett og slett vita det. Altså heller *rett-*

*skriv-ing* enn *orto-grafi* (av gresk *orthos* «rett» og *graphia* «skrivning»).

Ord som ikkje har nokon komponentar som kan gje semantiske bidrag til avkodinga, vert ofte kalla vilkårlege, jf. *blå* og *bær* ovanfor. Forkortingar som *radar*, *aids* og *tv* er etter dette resonnementet vilkårlege og ugjennom-siktige – vel å merka dersom ein ikkje veit at det løyner seg fulle former bak orda. Kva som er lett å forstå, kan ofte vera hipp som happ: Mange veit nok at *aids* på norsk kan heita «pådregen immunsveikt», dei fleste veit sikkert at *tv* kjem av «televisjon», som har eit endå meir motivert motsvar i omsetjingslånet *fjernsyn*. I dag er det truleg ikkje mange som kan ramsa opp «radio detection and ranging» som full form for *radar*. Likevel er desse forkortingane vanlege ord som ein gjennomsnitts avislesar både kjenner, brukar og støyter på dagleg.

Gjennom-sikt kan altså ikkje vera noko absolutt suksessvilkår. Bruksfrekvensen ordnar ofte forståinga, og det kan vera heilt andre eigenskapar som gjer at ordet slår an. *Ordlengda* er truleg ein av dei viktigaste: Komplekse ord har ein tendens til å slitast ned i bruk, slik at dei vert kortare og fungerer som vilkårlege merkelappar der kjennskapen til innhaldet aleine er det som sikrar forståinga: *hanske* er eigentleg «handsko», *kveg* kjem (via dansk) frå *kvikfé*, «levande eige-dom». Tilhøvet mellom bruksfrekvens og motivasjon er altså ofte omvendt proporsjonalt. Eit ord som *e-post* er etter denne analysen



litt meir motivert og ørlite grann lengre enn *meil*. Det engelske faguttrykket *foresight studies* har fire stavingar, eit norsk framlegg *forutsigelighetsforskning* har åtte.

Nokre språkteoretikarar skil mellom «motivert» og «gjennomsiktig». At ord er motiverte, vil då seia at dei på eitt eller anna vis ikkje er tilfeldige, men likevel er dei ikkje fullt gjennomsiktige. Motiveringa kan t.d. vera ein eller annan lydleg eller grafisk assosiasjon, og denne assosiasjonen kan òg vera ei viktig minneteknisk støtte for tileigninga av ordet. Slik ordlagning er ofte intellektuelt avansert, og viktig fordi ho produserer korte og hendige ord, jf. islandsk *tölva* «datamaskin», som vert forklart med *tala* «tal» og *völva* «spåkone», den danske vitskapsmannen Ørstedes *ilt* og *brint* (av «ild» og «brænde»), *nettikette* (nett + etikette), *modem* (av modulator-demodulator).

Det finst ingen eintydige vitskaplege haldepunkt for at motivering eller gjennomsikt kan gjerast til generelle plussverdier ved avløyasarar, men heller ikkje for det motsette. Grunnane for å laga avløyasarord er ikkje berre kognitive, men språksystematiske og allmennkulturelle. I orddublettar med avløyasarord kan vi ha tevling mellom vilkårlege og gjennomsiktige synonym, der den mest vilkårlege varianten er direkte innlånt:

jf. *derrick* vs. *bore-tårn* i oljespråket. Heller ikkje islendingane slepp unna dette dilemmaet, dei har både *kvikmyndahús* («hus med levande bilete») og *bíó* der vi har *kino*. Vi kan samanlikna dette med tilhøvet mellom ein popularisert tekst og ein fagtekst. Den populariserte utgåva er ofte lengre og meir ordrik enn fagteksten, fordi ho inneheld meir overskotsinformasjon (redundans), og det er jo nett det gjennomsiktige ord gjer òg. Variantane tener ulike brukargrupper og funksjonar, og kan såleis vera tenlege kvar til sin bruk – bortsett frå i fagspråk og terminologi, der kravet til eintydig normering er strengt.

Vi let ein liten debattsekvens frå Ordsamia (jf. side 1 i dette bladet) illustrera mange av desse problemstillingane utan vidare kommentarar:

1 «*Earcon* er naturlegvis et konstruert ord laget som en fantasi over *icon* (uttales eye-con). Jeg har tenkt på *lydlogo* som en mulig norsk erstatning, men er det noen som har andre forslag?»

2 «*Lydmerke* må da være bedre (sjøl om det har flere bokstaver).»

3 «Og [*lydmerke*] går godt i hop med *bumerke*, som er eit godt (men altfor lite brukt) norsk alternativ til *ikon* (i data-sammenheng).»

## På godt norsk

Her er ei lita ordliste for dei som treng litt språkleg førstehjelp. Fleire ord finn du her: <http://www.sprakrad.no/paanorsk.htm>

backslash (teiknet \) – omvendt skråstrek

brain drain – hjerneflukt

design – formgjeving/formgiving, utforming

drawback – ulempe, mangel, hake

functional food – funksjonell mat (mat med påvist helseeffekt)

helpdesk – informasjonstelefon, -teneste/  
-tjeneste, hjelpetelefon

lipgloss – leppeglans

slash (teiknet /) – skråstrek

spam – søppelpost

spin-off – avspinn, biprodukt, sideverknad/  
-virkning

# Språkleg jamstilling på datamaskinen

---

JON GREPSTAD

---

**P**ER 1. AUGUST hadde 110 ordførarar skrive under eit opprop der dei ber regjeringa «syte for at nynorskbrukarar så snart som råd får tilgang på nynorskversjonar av vanleg programvare til same pris som bokmålsversjonen». Oppropet ber vidare om at all programvare som skal nyttast i grunnskulen og den vidaregåande skulen, må liggje føre både på bokmål og nynorsk.

Oppropet, som framleis samlar underskrifter, tek opp nokre av dei mest sentrale spørsmåla for jamstillinga mellom bokmål og nynorsk. I dag finst mange av dei vanlege brukarprogramma på bokmål, men nesten ingen ligg føre i fullverdige nynorskversjonar, dvs. versjonar der skjermbiletet (menyar, meldingar og hjelpefiler) er på nynorsk. Og når det gjeld pedagogiske program for grunnskule og vidaregåande opplæring, finst berre 25 % i nynorskversjon – om vi held oss til siste programvarekatalogen frå Nasjonalt læremiddelsenter.

Dersom desse mistilhøva ikkje blir retta opp, vil situasjonen etter kvart svekkje nynorsk som skriftspråk. «Det er viktig for nynorskbrukarane å møte språket sitt i kvardagen, oppleve at det er eit vanleg bruksspråk og at det vert akseptert å vera nynorskbrukar også som brukar av vanleg teknologi.» skriv ordførarkollegaene Nils Taklo frå Ørsta og Bjørn Christiansen frå Voss treffande i følgjebrevet til det nemnde oppropet.

## Kva seier styresmaktene?

Allereie tidleg på 1990-talet var Stortinget inne på at staten i samband med innkjøp av dataprogram burde stille krav om at programma låg føre på begge målformer. Fleirtalet i kyrkje- og undervisningskomiteen (A, SV, KrF og SP) uttalte i Innst. S. nr. 17 (1992–93):

«Fleirtalet viser til at edb er innført på dei fleste offentlege kontor og at mange arkiv- og saksbehandlingsprogram er utvikla, men at få av desse programma i utgangspunktet har nynorskversjon. Fleirtalet meiner at det bør leggjast inn som eit krav når statsorgan hentar inn tilbod på edb-sida, at programma har både ein nynorsk- og bokmålsversjon.»

Kulturdepartementet og Norsk språkråd har arbeidd vidare med desse spørsmåla, som òg vart tekne opp i St.meld. nr. 13 (1997–98), det mest grunnleggjande dokumentet styresmaktene har lagt fram dei siste åra om informasjonsteknologi og norsk språk. Kapittel 4 i stortingsmeldinga drøftar informasjonsteknologiens verknader for norsk språk og måljamstillinga, og formulerer denne overordna målsetjinga:

«Målet er å kunne gi både nynorsk- og bokmålsbrukarane gode reiskapar til støtte for språkbehandling og å tilby relevante informasjonstenester o a på begge målformer.»

Kulturkomiteen slutta seg til denne målsetjinga og uttalte elles i Innst. S.

nr. 174 (1997–98):

«Det vil lett kunna bli slik at dersom ikkje staten tek den kulturpolitiske styringa når det gjeld språk og IT, vil tilfældige programvareutviklarar kunna leggja føringar på utviklinga av norsk språk.»

Da forskrifta til opplæringslova vart behandla i Stortinget i 1999, vart administrativ programvare, dvs. vanlege kontorprogram, etter framlegg frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet unnateke frå kravet om språkleg parallellutgåve. Men i juni i år bad fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen (A, KrF, Sp, SV, V) departementet leggje fram ein tidsplan for arbeidet med å oppheve dette unntaket. Komitefleirtalet peika i Innst. O. nr. 89 (1999–2000) på at «spørsmålet om nynorskversjoner av administrativ programvare er en avgjørende faktor i arbeidet for likestilling mellom nynorsk og bokmål, og en forutsetning for at nynorsk- og bokmåselever skal ha samme vilkår i skolen.» KUF har elles kunngjort at det er meininga at elektroniske læremiddel skal kome inn under kravet om parallellutgåver.

I ei høyringsfråsegn i samband med forskrifta til opplæringslova uttalte elles Norsk språkråd i april 1999:

«Administrativ programvare er vanlege skriveprogram som svært mange både i og utanfor skuleverket bruker dagleg. Datamaskiner blir meir og meir vanlege i klasseromma for alle klassesetg. Det er heilt avgjerande at skulane kan velje målform på styretekstar, menyar osv. på dataskjermen. Det kjem på linje med at dei skal kunne velje mellom bokmål og nynorsk når det gjeld læremiddel elles. Utviklinga av parallellutgåver av administrativ programvare må sjåast i samanheng med måljamstillinga i stat, fylke og kommunar.»

Da regjeringa i juni i år la fram handlingsplanen for informasjonsteknologi – E-Norge 1.0 – gav Kulturdepartementet Norsk språkråd dette oppdraget:

«Det skal i løpet av 2000 i regi av Norsk språkråd utarbeides en språkpolitisk handlingsplan for norsk språk og IKT, som grunnlag for en samordnet utvikling av programvare, informasjonssystemer og språkteknologiske verktøy på norsk språk, både bokmål og nynorsk.»

Norsk språkråd er frå før elles i ferd med å fullføre ei særskild utgreiing om nynorsk programvare, som kartlegg kva det inneber å «lokalisere», dvs. lage ein ny språkversjon av eit dataprogram, om lag kva det kostar, kor stor nynorskmarknaden er, og kva tiltak staten kan setje i verk for å sikre dataprogram på begge målformer.

### **Kva inneber det å lokalisere eit dataprogram?**

To sentrale omgrep i samband med utvikling av dataprogram er «internasjonalisering» og «lokalisering». «Internasjonalisering» vil seie at dataprogramma er lagde til rette slik at det skal vere enkelt å lage nye språkversjonar. «Lokalisering» vil seie å lage ein ny språkversjon, eller meir presist, ein ny versjon tilpassa eit anna språk og ein annan kultur.

Dataprogram består av programkode og naturleg språk. I moderne dataprogram kan det naturlege språket skiljast frå programkoden, ekstrahe- rast og deretter omsetjast ved hjelp av spesielle redigeringsprogram. Når omsetjinga er ferdig, blir språket lagt att- ende i programmet, og alle programfunksjonar må prøvast ut på nytt.

Dataprogram varierer mykje i storleik og kompleksitet, og kor mykje

språk som finst i dataprogramma, varierer òg mykje. Det grafiske programmet Quark XPress har om lag 57 000 teikn, Word 2000 har til saman ca. 486 000 teikn, og i operativsystemet Windows 98 utgjer språket 1 534 000 teikn. Ser vi vidare på vanlege Microsoft-program, har bokmålsversjonen av Excel 2000 om lag 458 000 teikn, Access 2000 ca. 528 000 teikn, og Powerpoint 2000 har rundt 188 000. I Office Pro-filene utgjer språket i bokmålsversjonen til saman ca. 442 000 teikn.

Kostnadene for omsetjing frå bokmål til nynorsk er relativt små. Legg ein dei tilrådde satsane frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening til grunn (kr 2 048 per 32 000 teikn for omsetjing frå bokmål til nynorsk), vil omsetjing av Windows 98, Word 2000, Excel 2000, Access 2000, Powerpoint 2000 og Office Pro-tekstar kome på til saman ca. kr 233 000. For denne typen program er sjølve omsetjingskostnadene likevel berre ein mindre del av dei samla kostnadene – kor stor del vil variere frå eitt program til eit anna, og venteleg også datafirmaa mellom.

Omsetjingsarbeidet kan rasjonaliserast ved maskinomsetjing. Språket i dataprogram er kjenneteikna ved enkel syntaks, korte setningar, færre unike setningar enn i til dømes ein roman. Omsetjingsprogrammet Nyno omset frå bokmål til nynorsk. Men ein føresetnad for bruk av maskinomsetjing er at terminologien er tilgjengeleg og kan leggjast inn i omsetjingsprogrammet.

Når eit dataprogram ligg føre på bokmål, er det få terminologiske problem med å omsetje det til nynorsk. Dei terminologiske problema møter ein først og fremst når ein skal omsetje ein ny versjon av eit dataprogram frå engelsk til ei av dei norske målformene.

I tillegg til omsetjingskostnadene kjem kostnadene eventuelle språkteknologiske komponentar medfører, til dømes korrekturverky og talegjenkjenning i samband med automatisk diktering. I dag finst det korrekturverky for nynorsk, men det blir førebels ikkje utvikla talegjenkjenningsmodular. Behovet for nynorsk taleteknologi kan raskt bli merkbart. Windows 2001 vil truleg ha ein liten modul for talestyring, Windows 2002 er planlagt med talestyring som alternativ til tastaturstyring.

### Litt om nynorskmærknaden

Når ein ser under eitt statsorgan med nynorsk tenestemål, kommunale og fylkeskommunale kontor med nynorsk tenestemål, delar av dei statlege og kommunale organa som er språkleg nøytrale, grunnskular eller klassar med nynorsk opplæringsmål, ein del vidaregåande skular, næringsliv i nynorskområde og privatpersonar som har nynorsk som målform, blir nynorskmærknaden ikkje så reint liten.

117 kommunar av i alt 435 har gjort vedtak om nynorsk som målform, dvs. 26 %. 153 kommunar er språkleg nøytrale.

Per 1. september 1999 hadde 88 602 elevar i grunnskulen nynorsk som målform, 489 696 hadde bokmål. Ei undersøking frå Statistisk sentralbyrå i 1997 kom til at det var 38 480 elevmaskinar i grunnskulen og 39 027 i vidaregåande skule. Sidan 1997 har talet auka noko.

I rapporten «IT i staten» frå i vår skriv Statskonsult at 81 % av dei tilsette i staten har eigen stasjonær PC, og at det er ein berbar PC for kvar PC-brukar. Populasjonen omfatta ca. 106 000 tilsette (Posten, NSB og den operative verksemda i Forsvaret er ikkje medrekna).

Om lag 11 % ber om å få sjølvmeldinga på nynorsk, og om lag 11 % oppgjev nynorsk som målform på sesjon.

For å setje tala litt i perspektiv kan vi nemne at i 1999 vart det selt til saman 633 000 datamaskinar i Noreg, 231 000 var heime-PC-ar, 302 000 var bedrifts-PC-ar, 19 000 var tenarmaskinar, 76 000 var berbare maskinar, og 5000 var PDA-ar.

### **Kommersielle program og gratisprogram**

Nokre få kommersielle dataprogram har i dag grensesnitt på nynorsk. Det gjeld til dømes den kjende nettlesaren Opera, og det gjeld økonomiprogrammet Agresso. Dei siste par åra har elles enkeltpersonar ved eigen innsats sytt for nynorskversjonar av fleire gratisprogram. Nettlesaren Mozilla er omsett til nynorsk, irc-programmet Fahrenheit Carrera finst på nynorsk, og e-postprogrammet Phoenix likeins. Ein dataingeniørstudent i Bergen er i ferd med å fullføre ei omsetjing av Linux-programmet KDE (K Desktop Environment). KDE svarar meir eller mindre til det grafiske grensesnittet Windows 95/98 i windows-verda.

### **Verkemiddel frå staten**

Staten kan fremje nynorske brukarprogram hovudsakleg ved to kategoriar tiltak: (a) innkjøpsreglar/innkjøpsavtalar og (b) tilskot til utviklingsarbeid og «lokalisering».

Når det gjeld vanlege brukarprogram, er det først og fremst aktuelt å sjå på korleis innkjøpsreglane kan brukast, og korleis staten kan garantere for eit minstetal lisensar. Støtteordningar er mest aktuelle i samband med pedagogisk programvare. Pedagogiske program er elles små og enkle i høve til vanlege kontorprogram.

Dersom staten stiller krav om at vanlege kontorprogram skal liggje føre både på bokmål og nynorsk, og at ein skal kunne velje mellom målformene i programpakkane, før dei kan kjøpast inn av statlege eller kommunale organ og i skuleverket, vil det i sjølve dette regelverket vere ein garanti for eit vesentleg tal lisensar.

### **Nokre tilvisingar**

Eit oversyn over kva Storting og departement har sagt om norsk språk og informasjonsteknologi. Jon Grepstad, januar 1999:  
<http://home.online.no/~gjon/itbergen.htm>

Opprop frå Nynorsk data 2000 – ordførarar:  
<http://www.nynorsk.no/nynorskdata/>

Jon Grepstad: Språkteknologi på norsk. Mål og makt nr. 1/1999:  
<http://home.online.no/~gjon/maalmakt.htm>

Tiltak for å fremje (a) nynorsk språkteknologi og (b) nynorske brukarprogram elles – notat frå Norsk språkråd til møte med KD, NHD og Noregs Mållag 9. februar 2000:  
<http://www.sprakrad.no/nhdkd0200.htm>

Nynorske dataprogram:  
<http://www.nynorsk.no/data.shtml>

# Norsk Ordbok

## – femtiåring ved ein skiljeveg

---

LARS S. VIKØR

---

**D**ET STØRSTE ordboksverket i Noreg, som heiter *Norsk Ordbok*. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*, fyller i år femti år. Ordboka blir gitt ut heftevis, og når det er blitt så mange hefte at dei fyller 800 sider (fem stykke), blir dei samla til eit band. Det første heftet kom ut i 1950, som ein del av hundreårsmarkeringa for Ivar Aasens første og grunnleggjande ordbok: *Ordbog over det norske Folkesprog*. Den sistnemnde er forresten nettopp kommen i ny utgåve for å markere 150-årsjubileet.

Norsk Ordbok kan like gjerne kallast syttiåring, for ho hadde ei lang historie bak seg alt i 1950 – vi kan kalle det ein tjuearig svangerskapsperiode. Eg kjem tilbake til det.

### Kva er Norsk Ordbok?

Norsk Ordbok er ei uttømmende vitenskapleg dokumentasjonsordbok over dei norske dialektane og det nynorske skriftspråket. Ho blir utarbeidd på Universitetet i Oslo, ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, og gitt ut av Det Norske Samlaget. Ordboka er planlagd i tolv band, som skal innehalde ei beskriving av om lag 300 000 ord: skriftformer og bøyning, dialektformer, opphav, definisjonar av alle tydingsnyansar og mange eksempel på bruksmåtar tekne frå fag- og skjønnlitteratur og frå opplysningar innsente frå bygder og byar over heile landet. Norsk er mye rikare enn det er vanleg å tru, og der vanleg eittbands-

ordbøker berre inneheld eit lite og forenkla utval av dei bruksmåtane dei vanlegaste orda har, skal Norsk Ordbok prøve å spegle alt så langt det går. Ordboka byggjer på eit arkiv på om lag 3 millionar setlar med innsende opplysningar frå dialektane og utdrag frå litteraturen, ved sida av eldre ordbøker og annan kjeldelitteratur.

### Historie og framtid

Prosjektet Norsk Ordbok vart sett i gang i 1930, etter initiativ frå Det Norske Samlaget og med støtte frå staten. Dei første ti åra gjekk med til å samle materiale og lage eit førsteutkast mest basert på eksisterande ordbøker. Så kom krigen, og da den var over, tok ein ny redaksjon til med nyredigering på grunnlag av førsteutkastet og nyinnsamla materiale. Materialet kom frå eit nettverk av opp mot 1000 frivillige medarbeidarar over heile landet, som sende inn setlar, dels med opplysningar frå dialektane sine, dels med sitat frå litteratur dei las og ekserperte (plukka ut sitat frå). Dette innsamlingsarbeidet pågjekk samanhengande frå 1930, men dabba av nokre tiår etter krigen etter som innsamlarane vart eldre og fall frå. Etter kvart har hovudtilfanget av nytt stoff komme frå prenta kjelder. Særleg verdifull er floraen av nye dialektordbøker som er komme i åtti- og nittiåra.

Hovudredaktør frå 1948 til 1978 var Alf Hellevik. Som nemnt kom det første heftet i 1950, og det første bandet kom

i 1966. I vår gav vi ut tredje heftet av fjerde band, som går til *grøntanlegg*. Vi er da over halvvegs i det fjerde bandet, og når det blir ferdig i 2002 eller 2003, har vi begynt på H.

Sjølvs om ordboka er eit universitetsprosjekt, kjem noko av finansieringa frå Kulturdepartementet, og i St.meld. 22 1999–2000 om bibliotekstellet o.a. tek departementet opp framdrifta i ordboka og set opp som eit mål at ho skal komme ut så tidleg som i 2014. Derfor står vi no ved ein skiljevæg. Vi arbeider for tida med ein gjennomgang av arbeidsmåtar og ressursbehov med tanke på oppfylling av dette målet, som er svært krevjande om ordboka skal halde eit forsvarleg fagleg nivå. Andre slike nasjonalordbøker har brukt opp imot 150 år på fullføring (*Deutsches Wörterbuch* (1838–1961), *Woordenboek der Nederlandsche Taal* (1852–1998), *Svenska Akademiens Ordbok över svenska språket* (1884–), som framleis strevar i S og T). Men dei kom i gang på 1800-talet, da folk hadde større vilje til langsiktig tenking enn no.

### Arbeidet med ordboka

Tidsbruken i alle desse prosjekta kjem først og fremst av dei store materialmengdene, dernest av at mange ord er svært kompliserte å greie ut. Når vi redigerer eit ord, må vi gjennomgå alle belegg vi har på ordet, sortere dei ut frå ulike tydingsnyansar, setningskonstruksjonar dei blir brukte i, faste uttrykk, vendingar, ordtak, biletleg og overført bruk osv. – det må lagast eit «tydingskart» over ordet. Vi må også lage dialektoversyn for å finne ut kva form, uttale og bøyning ordet har i ulike delar av landet. På grunnlag av dette må vi strukturere ordartikkelen, lage definisjonar og velje ut illustrerande sitat blant dei belegga vi har. Eg

brukte ordet «dokumentasjonsordbok» ovanfor, og det tyder at alt skal dokumenterast: Kjelde blir oppgitt ved skriftlege belegg og heimfesting ved málføreopplysningar.

Som ein kort-kort illustrasjon på skilnaden mellom daglegordboka *Nynorskordboka* og dokumentasjonsordboka *Norsk Ordbok*, siterer eg artiklane om *gledskap*:

*Nynorskordboka*:

**gledskap** m1 glede, gaman *der er g- og gaman*

*Norsk Ordbok*:

**gledskap** m [Va1743,C,A; málf òg *glea-* (Shl)] det å vera glad, hugnad, glede, moro (S.N.; ShIV,SeljeM): \**i heimen allstad er glede og gaman* (A. I,213) / *den rike liver i gledskap og glans* (GA.JM 54) / *alltid villare vart gledskapen deira* (Maul.I 1,213) // òg i pl: *alle verdslege gledskapar, er anten tome eller skamlause* (Støyl.UKE 110); jfr II *glede* 2 slutten.

Det er ikkje plass her til å forklare eller kommentere detaljar, men vi ser at *Norsk Ordbok* gir eit «heilare» portrett av ordet.

### Ikkje berre ordbok

Eit stort prosjekt som dette skaper også andre verdiar attåt sjølve ordboka. Ein ting er den kompetansen som blir utvikla, og som kan brukast også til andre språkfaglege føremål. Da den eittbands *Nynorskordboka* skulle lagast, vart arbeidet lagt til miljøet rundt *Norsk Ordbok*. Men i vår tid er det ikkje minst nærliggjande å peike på dei elektroniske ressursane dette språkmaterialet gir grunnlag for.

I 1990-åra vart det utvikla ein database som først og fremst skulle vere til

hjelp i ordboksarbeidet, men som er tilgjengeleg også for alle andre interesserte. Den inneheld for det første setelarkivet til Norsk Ordbok, dvs. tre millionar setlar med belegg og opplysningar om ord og ordbruk i dialektane og i nynorsk. Der kan ein søkje og få fram setlar på enkeltord, eller ein kan søkje på informant og dermed få fram ordsetlar frå bestemte dialektområde. Etter kvart er det meininga å leggje inn andre ressursar i basen: ei rekkje nynorske ordbøker frå Aasens to klassikarar og ned til *Nynorskordboka* og dei utkomne delane av Norsk Ordbok, dialektordsamlingar frå dansketida og ned til vår tid, og eit nynorsk tekstkorpus som kan brukast både til ordboksarbeid og til anna språkforskning.

Dette er ein prosess som er i gang og kjem til å gå sin gang parallelt med ordboksredigeringa og -utgjevinga. For tida gjennomgår vi alle oppslagsord for å lage ei fast normert form som inngang til databasen. Når dette er klart og dei ulike delane av basen er kopla saman, er det meininga at folk gjennom å søkje på enkeltord skal kunne komme inn i alle dei ulike delbasane og finne fram til dei opplysningane dei vil ha om det aktuelle ordet. Da vil dei kunne kike Norsk Ordbok-redaktørane i korta, og dei vil kunne finne opplysningar og brukseksempel som ikkje har fått plass i den trykte ordboka. Det vil vere bra, for ordboka må spare mye plass for å komme ut alfabetet på tolv band. Såleis vil vi måtte utelukke mange sjeldsynte eller sjølvsagde samansetningar – mengda av moglege samansetningar

er som kjent uendeleg i norsk. Men i basen vil vi ha dei med, så sant vi har belegg på dei.

Den beste måten å studere eit ord på da vil vere å starte med å lese om det i Norsk Ordbok, der ordet er redigert slik at dei sentrale opplysningane om utbreiing, tyding (ofte ulike tydingar, delt opp på ein systematisk måte) og bruksmåtar kjem fram. Deretter kan ein supplere frå dei andre kjeldene i basen om ein vil studere ordet i djupna, eller sjå på enkeltbelegg t.d. frå eins eige distrikt. Ordboka kan såleis tene som ein «inngangsnøkkel» til basen.

### Grunnstamma i eit manggreina tre

Norsk Ordbok kan for nybegynnarar verke vanskeleg og utilgjengeleg å lese. Framstillingspråket blir uunngåeleg svært komprimert og prega av kodar og forkortingar når ein skal beskrive slike enorme stoffmengder på avgrensa plass, som ein kunne sjå jamvel i den vesle artikkelen om *gledskap*. Kodane og forkortingane er forklarte i ei separat brukarretteiing. Men ein kjem aldri bort frå at det trengst ei viss innsikt og trening for å meistre eit verk av dette slaget. Vi meiner likevel at ordboka saman med dei andre ressursane vi utviklar som knoppskotsprodukt («spin-off-produkt»), vil bli ein kraftig reiskap for å auke og utbreie kunnskapen om norsk språk – også indirekte gjennom popularisering på ulike måtar. Vi vonar at femtiåringen eller syttiåringen er på veg til å bli grunnstamma i eit stort, manggreina og bladrikt tre.



# Barn og unge leser mindre

ODD FRANK VAAGE

**I**NGEN BARN og unge har som dagens generasjon hatt et slikt mangfold av tilbud når det gjelder lesestoff. Nesten hvor de snur og vender seg, er det en tekst som retter seg mot dem. Også fjernsynsseing kan omfatte relativt mye lesing, på samme måte som Internett-bruk. Det er vanskelig å måle *all* lesing siden aktiviteten dekker et så vidt spekter og er knyttet til svært mange andre former for aktivitet. Statistisk sentralbyrås mediebruksundersøkelser fanger opp bruk av de trykte massemediene aviser, ukeblad, tegneserieblad, tidsskrift/fagblad og bøker utenom skolearbeid. I disse undersøkelsene har vi siden 1991 målt bruken av mediene og har sammenlignbare tall fram til i dag (Vaage 2000).

## Mindre lesing i løpet av 90-tallet

Det vi skal se på i denne artikkelen, er i første rekke utviklingen av barn og unges lesevaner. Undersøkelsene gir et klart bilde av at de bruker mindre tid til lesing av de tradisjonelle trykte mediene i dag enn de gjorde for få år siden. Det gjelder alle aldersgrupper fra 9 til 24 år. At de bruker mindre tid på tradisjonelle trykte medier nå enn før, er noe de for øvrig har til felles med de voksne. I gjennomsnitt har tiden til lesing blant barn og unge gått ned med 15 minutter, eller omtrent 20 prosent fra 1991 til 1999. Særlig har endringen i aldersgruppen 16–19 år vært stor. Blant disse har nedgang-

en vært på 25 minutter, eller omtrent 40 prosent.

**Tabell 1**

Tid brukt til lesing per dag etter alder i 1991, 1995 og 1999. Minutter

| Alder | 1991 | 1995 | 1999 |
|-------|------|------|------|
| 9–12  | 40   | 37   | 24   |
| 13–15 | 54   | 42   | 39   |
| 16–19 | 63   | 54   | 38   |
| 20–24 | 68   | 57   | 51   |

## Både gutter og jenter leser mindre

Vi finner liten forskjell i den tiden gutter og jenter bruker på å lese trykte medier. Både blant barn og unge er nivået på lesing generelt nokså likt, og nedgangen på 90-tallet har vært nokså parallell.

Jentene har likevel hatt en noe større nedgang enn guttene. Blant jentene har nedgangen i lesing i disse åra vært på 38 prosent, mens den har vært på 30 prosent blant de yngste, og på 26 prosent blant de eldste guttene.

## Flere leser ikke, færre bruker mye tid til lesing

Selv om det har vært en gjennomsnittlig nedgang i lesingen, er det ikke dermed sagt at dette er jevnt fordelt. Det kan godt tenkes at en stor gruppe som

leser nokså lite, leser enda mindre, mens andelen som leser mye, har økt. Slik er ikke situasjonen. Det er både flere som ikke leser noe i løpet av en dag, og færre som leser mye. Blant gutter i alderen 9-15 år har andelen som ikke leser noe, økt fra 11 til 26 prosent fra 1991 til 1999. Blant jentene i samme aldersgruppe har andelen ikke-lesere derimot holdt seg på 17 prosent. Andelen i disse to gruppene som leser en time eller mer per dag, har derimot gått betydelig ned i denne perioden. Blant guttene har det vært en nedgang fra 30 til 16 prosent, blant jentene har nedgangen vært fra 35 til 16 prosent.

Vi finner en tilsvarende utvikling blant de unge mellom 16 og 24 år. Blant guttene har det fra 1991 til 1999 vært en økning i andelen som ikke leser noe i løpet av en dag, fra 6 til 12 prosent og blant jentene fra 9 til 20 prosent. Andelen som leser en time eller mer per dag, har gått ned fra 54 prosent til 34 prosent blant guttene. Blant jentene har nedgangen vært fra 47 til 24 prosent.

### Nedgang i lesing av alle medier

Hittil har vi sett på lesing av trykte medier generelt. Fordeler vi lesingen på de ulike mediene, ser vi at nedgangen i lesing blant barn og unge gjenspeiler seg i alle mediene. Særlig har andelen som leser ukeblad i løpet av en dag, gått ned. Blant 9-15-åringene har det også vært en betydelig nedgang i lesing av tegneserier fra 1991 til 1999. Blant de unge er nedgangen særlig knyttet til tidsskrift/fagblad, aviser og bøker.

### Tabell 2

Andelen som bruker trykte medier per dag i 1991, 1995 og 1999. 9-15 og 16-24 år. Prosent

|                  | 1991 | 1995 | 1999 |
|------------------|------|------|------|
| <b>9-15 år:</b>  |      |      |      |
| aviser           | 53   | 50   | 48   |
| ukeblad          | 23   | 18   | 13   |
| tegneserier      | 52   | 55   | 39   |
| tidsskrift       | 9    | 8    | 6    |
| bøker            | 31   | 23   | 25   |
| <b>16-24 år:</b> |      |      |      |
| aviser           | 84   | 80   | 70   |
| ukeblad          | 27   | 26   | 16   |
| tegneserier      | 20   | 16   | 14   |
| tidsskrift       | 15   | 15   | 8    |
| bøker            | 28   | 22   | 19   |

### Nedgang blant leserne

Det er ikke slik at nedgangen i tiden brukt til de ulike trykte mediene bare skyldes at det er flere som ikke leser disse mediene per dag. De som leser, bruker også mindre tid. Både blant barn og ungdom er det særlig tiden som brukes til ukeblad, som har sunket. Også avis- og tegneserieleserne bruker noe mindre tid per dag nå enn tidlig på 90-tallet. Bok- og tidsskriftleserne bruker derimot ikke mindre tid til denne lesingen enn tidligere.

### Mer av mediebruken går til fjernsyn

Hva betyr denne nedgangen i lesing for annen mediebruk? I 1991 var lesing av trykte medier 18 prosent av den tiden 9-15-åringene brukte på medier per dag. I 1999 representerte den kun 9 prosent.

For 16-24-åringene var dette forholdet 17 mot 13 prosent. Radiolyttingen har også hatt en nedgang blant disse gruppene i denne perioden. Mye av denne tiden er blitt overtatt av fjernsynsseing. Relativt sett bruker derfor barn og unge mer tid foran fjernsynet i forhold til andre medier nå enn på begynnelsen av 90-tallet.

### Pc-en betyr foreløpig lite

I denne perioden har også pc-bruk

kommet for fullt. Foreløpig er denne aktiviteten ikke så omfattende at den har stor betydning for annen medieaktivitet for barne- og ungdomsgruppen som helhet. I 1998 representerte hjemme-pc-bruken, inkludert bruk av Internett, 7 prosent av den samlede mediebruken. Mediebruken samlet, pc-bruk iberegnet, er dessuten på et lave-re nivå nå enn tidlig på 90-tallet.

Likevel kan vi si at radio og de trykte mediene, som retter seg mot bare én av våre sanser, mister brukere. Dette skjer til fordel for fjernsynsseeing og pc-bruk, som med bevegelige bilder og lyd retter seg mot flere sanser.

### Fallende bokinteresse blant barna

I Statistisk sentralbyrås kulturbruksundersøkelser ble det i 1994 og 1997 stilt spørsmål om bl.a. interessen for å lese bøker og ukeblad (Vaage 1998). Disse tallene viser en utvikling som går i retning av at aldersgruppen 9–15 år mister interesse for å lese bøker. I 1994 var det 30 prosent i denne gruppen som sa at de var meget interessert i å lese bøker. Andelen sank til 17 prosent i 1997. Andelen som sa de var lite eller ikke interessert i å lese bøker, steg fra 40 til 53 prosent. Interessen for ukeblad har endret seg mindre. Det har også vært mindre endringer i

interessen for å lese disse mediene blant gruppen 16–24 år. Tendensen er likevel at interessen er dalende også for dem. Resultatene fra kulturbruksundersøkelsen 2000 vil vise om utviklingen forsetter i samme retning.

Alt i alt viser undersøkelsene at både leseaktiviteten og interessen for lesing har sunket. Solheim og Tønnessen (1998) påpeker at pedagogisk forskning og praksis tyder på at man må være oppmerksom på sammenhengen mellom lesing og skriving. Når leseaktiviteten nå synker blant barn og unge, kan en ikke se bort fra at dette kan ha negativ betydning for både lese- og skriveferdigheten til den oppvoksende generasjon.

### Kilder

Solheim, R. G og Tønnessen, F. E (1998): Kartlegging av leseferdighet og lesevaner på 2. klasses-trinn. Rapport '98, Senter for leseforskning, Høgskolen i Stavanger

Vaage, Odd Frank (2000): Norsk mediebarometer 1999, Statistiske analyser 36, Statistisk sentralbyrå

Vaage, Odd Frank (1998): Norsk kulturbarometer 1997, Statistiske analyser 25, Statistisk sentralbyrå

## Nordisk språkmøte på Grønland

Hvert år blir det holdt et felles møte for de nordiske språknemndene rett etter årsmøtet i Nordisk språkråd. I år var møtet lagt til Grønland i slutten av august, og hovedemnet var *språklig standardisering*. Temaet ble belyst gjennom foredrag fra de ulike språknemndene. Innlegget fra Norsk

språkråd ble holdt av Kjell Ivar Vannebo, som er leder i fagnemnda. Han hadde kalt foredraget sitt *Om begrepene språklig standard og språklig standardisering*.

Innleggene fra møtet vil bli publisert i tidsskriftet *Språk i Norden*, 2001.

# Ordforståing og offentleg språkbruk

JOHAN MYKING OG IVAR UTNE

**F**RÅ SLUTTEN av 1950-åra har statsforvaltninga arbeidd aktivt med å skapa eit språk som folk forstår. Ordtilfanget står sentralt i dette arbeidet. Det offentlege språket er fullt av heil- og halvfaglege ord som kan vera vanskelege å forstå, ikkje plent fordi dei er av utanlandsk opphav, men fordi dei ofte viser til nye, ukjende og framfor alt uskarpe omgrep og tydingar. Det er altså kunnskapar og tolkingsevne som ofte vert stilt på prøve.

Prosjektet VON – «Vanskelige ord i nyhetene» – prøvde på slutten av 1970-talet å måla kor godt vanlege nyheitsord i media nådde fram til mottakarane. I dei 20 åra som er gått, er det ikkje gjort større undersøkingar av same typen.

## «Vanskelige ord i det offentlige Norge»

Som eit ledd i kampanjen «Eit enklare Noreg», som regjeringa Bondevik sette i verk i 1999, fekk Statens informasjonsteneste utført ei gransking kalla «Vanskelige ord i det offentlige Norge». Målet med denne undersøkinga var å finna ut korleis nokre sentrale ord i norsk politikk og samfunnsliv vert forstått av publikum, og på denne måten kanskje seia noko om trongen for tiltak. Granskinga fekk nærast form av ei stikkprøve.

Til denne granskinga plukka ein ut nokre typiske «forvaltingsord»: *prioritere*, *hjemmel*, *opinion* og *legitim*, eit viktig nytt omgrep knytt til forbrukar-

sfæren: *matsminke*, og nokre (ny)ord frå det politiske området: *prinsipielt*, *innovasjon* og *infrastruktur*. Intervju vart gjennomførte på telefon av meningsmålingsfirmaet Opinion AS i januar 2000.

Svara vart analyserte og jamførte med nokre vanlege bakgrunnsdrag. Nokre av desse draga, som t.d. landsdel eller storleiken på husstanden, gav ingen synlege utslag. Andre, som kjønn, by/land og om svararen er tilsett i offentleg eller privat verksemd, gav visse tendensar, men ikkje sterke. Det mest interessante draget ser ut til å vera *utdanning*, som vi snart skal sjå.

## Utdanningsnivået påverkar forståinga

Flest rettsvar, med 95 %, fekk *prioritere*. I motsett ende av skalaen ligg *prinsipielt*, *innovasjon* og *infrastruktur*, med høvesvis 69, 66 og 64 %. Resten av orda klumpar seg omkring 80 %. Alt i alt er dette ganske høge tal, men tala dekkjer over nokre interessante variasjonar.

Hovudmønsteret i materialet er utan særleg tvil at dei største skilnadene i ordkunnskap kan knytast til bakgrunnsdraget *utdanning*:

| ORD        | BERRE GRUNNSKULE | MINST 6 ÅR VIDAREUTD. |
|------------|------------------|-----------------------|
| prioritere | 81               | 99                    |
| hjemmel    | 70               | 93                    |
| opinion    | 62               | 91                    |

|               |    |    |
|---------------|----|----|
| legitim       | 68 | 95 |
| matsminke     | 68 | 90 |
| prinsipielt   | 50 | 88 |
| innovasjon    | 31 | 84 |
| infrastruktur | 41 | 82 |

Av personar utan vidareutdanning ut over grunnskule er det, som ein ser, berre 31 % som svarar rett for *innovasjon*, og 41 % for *infrastruktur*. Desse orda har òg dei største sprika i mellom høg og låg utdanning.

*Innovasjon* og *infrastruktur* er dei einaste orda i materialet som viser kjønsskilnader, sjølv om desse ikkje er store:

| ORD           | MENN | KVINNER |
|---------------|------|---------|
| innovasjon    | 72   | 61      |
| infrastruktur | 75   | 54      |

Dei same to orda viser òg ein viss samanheng med om husstanden disponerer datamaskin eller ikkje:

| ORD           | HAR IKKJE PC | HAR PC OG INTERNETT |
|---------------|--------------|---------------------|
| innovasjon    | 52           | 76                  |
| infrastruktur | 51           | 73                  |

Kanskje kan dette koplast til at tilgang til Internettet heng saman med eit visst utdanningsnivå. Eller kanskje er grunnen at desse to orda er sentrale symbolomgrep i IT-kulturen.

Av og til kan det vera meir interessant at kjennskapen til ord *ikkje* viser sosiale skilje, enn at han gjer det. *Prioritere* og *matsminke* viser t.d. ingen skilnader jamført med alder, medan det stikk motsette er tilfelle med *innovasjon* og *hjemmel*:

| ORD        | <30 ÅR | 30–44 ÅR | 45–59 ÅR | 60 ÅR > |
|------------|--------|----------|----------|---------|
| prioritere | 95     | 98       | 94       | 93      |
| matsminke  | 80     | 82       | 82       | 80      |
| innovasjon | 68     | 70       | 73       | 55      |
| hjemmel    | 71     | 90       | 84       | 85      |

Når alle aldersgruppene ser ut til å kjenne *prioritere* og *matsminke* like godt, må det tolkast som at orda er vortne meir eller mindre allmenne ord. *Matsminke* var framme i media då undersøkinga vart gjord, og ordet skulle i prinsippet vera like relevant for eldre forbrukarar som for yngre. At pensjonistar har litt mindre interesse av *innovasjon* enn folk i typisk yrkesaktiv alder, er kanskje ikkje usannsynleg, men det er òg rimeleg at resultatet kjem av ein samanheng mellom høg alder og låg utdanning i folket.

Ordet *hjemmel* er mykje brukt i trygde- og sosialstøtteinformasjon og i svar på søknader. Og ordet er opplevd som problematisk innanfor forvaltninga sjølv. Det *kan* såleis vera ein rimeleg hypotese at dei yngste kjenner dette ordet litt dårlegare enn andre fordi færre i denne aldersgruppa har vore i kontakt med trygdesystemet.

Orda *innovasjon* og *infrastruktur* gjev mange og sterke utslag og avvik i høve til hovudmønstera elles. Det er tale om nyare omgrep knytte til politikk og teknologisfæren, til økonomi og næringsliv. Orda har eit abstrakt innhald og eit «maskulint» preg.

### Kor pålitelege er slike undersøkingar?

Denne undersøkinga inneheldt få ord, det blei stilt avkryssingsspørsmål, og det er ikkje utført avansert statistisk testing. Framstillinga har vist berre dei mest tydelege tendensane, og det

er det vi meiner ho kan gjere på grunnlag av 1007 spurde som representerer eit tverrsnitt av folket. Språkforståing, dvs. forståing av innhald i tekst, er ein komplisert prosess der mange andre språklege fenomen kanskje er vel så viktige som orda, t.d. tekststruktur, samanheng og setningsbygnad. Dessutan er det ikkje ein enkel samanheng mellom svar på ordsprøsmål, forståing av ord og heile budskapet. Men ordtilfanget spelar likevel ei viktig rolle, og er truleg det einaste språkdraget det er mogeleg å skaffa fram opplysningar om gjennom telefon.

Dei tendensane vi ser, stemmer overeins med dei forventningane det er rimeleg å ha. Langt på veg kan tendensane forklarast med prinsippet om *relevans*: Det som er viktig eller interessant, det lærer ein seg. Det kan forklara at alle aldersgrupperingar og begge kjønn ser ut til å forstå eit nytt ord som *matsminke* like godt, medan det er tydelege kjønnskilnader når det gjeld *innovasjon* og *infrastruktur*.

Nyare språkteori lærer oss at kom-

munikasjon som fungerer, først og fremst er dialog og *samarbeid*. Rett tolking krev at budskapet er tilpassa mottakaren, og ansvaret for denne tilpassinga ligg hjå avsendaren. Ikkje minst er kunnskapar og bakgrunn avgjerande. Då er det svært interessant at undersøkinga gav tydelege teikn på at formell utdanning påverkar ordforståinga. For styresmaktene er skilnadene i formelt utdanningsnivå i mottakargruppa derfor ein svært viktig einskildfaktor å ta omsyn til.

For offentleg informasjonsverksemd kunne det ha vore interessant å vita om endringane i utdanningsnivå dei siste 20 åra har skapt nye (dvs. betre) vilkår for språkforståing. Gjennomsnittet for rett i undersøkinga er 77,9 % – det tilsvarande i VON var 78! Dei metodiske atterhalda gjer at vi ikkje kan dra ein einaste konklusjon om at tilstanden har endra seg, verken til det verre eller det betre. Men den som vil vera sikker på å nå fram, bør sikra seg: Det er tryggare å satsa på *omstilling* og *nyskaping* enn *innovasjon*.

## Ny utgåve av Aasens 1850-ordbok

**E**tter 150 år er Ivar Aasens *Ordbog Over det norske Folkesprog* komen i ny utgåve med moderne latinsk skrift. Boka er den første ordboka over norsk språk som byggjer på systematisk innsamla materiale. Ho var eit viktig språkpolitisk dokument då ho kom i 1850, og er i dag ei rik historisk kjelde til norske dialektar. 25 000 ord er oppførde i boka, gjengjevne i unormert form. Redaktørane for nyutgjevinga, Kristoffer Kruken og Terje Aarset, har

øg skrive ei fyldig innleiing om Aasens arbeid med ordboka. Boka er på ca. 550 sider og er gjeven ut av Det Norske Samlaget. Redaktørane fortel i eit intervju til Dag og Tid at dei no tek sikte på å gje ut også *Norsk Ordbog* frå 1873 med moderne typografi. 1873-ordboka har kome i fleire nye utgåver, men alle er med gotisk skrift. Planen er at den nye 1873-ordboka skal kome i 2002.

# Vedtak frå Norsk språkråd 1996–1999

**S**PRÅKRÅDET HAR fullmakt til å gjere endeleg vedtak i saker som gjeld skrivemåte og bøyning av nye ord og andre enkeltord som ikkje er normerte tidlegare i norsk. Vidare har Språkrådet fullmakt til å gjere endeleg vedtak når det gjeld forkortingar, teiknsetjing, datering og andre tidsuttrykk, stor eller liten førebokstav, særskrivning eller samskriving og orddeling. Vi presenterer nokre av desse vedtaka frå perioden 1996–1999 her. Vedtak om gjennomgripande endringar av heile system og endring av tidlegare rettskrivingsvedtak i norsk skal leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning (sjå også side 5 i dette bladet).

## 1 Fastsetjing av skrivemåtar og bøyning av ord som ikkje har vore normerte før

I samansetningar: *millennium-* (ikkje *millennie-* el. *millenniums-*). Valfri skrivemåte: *pirse* el. *pierce* 'lage hol i kroppen for pyntegenstandar'.

## 2 Forkortingar

Generelt vedtak: Den generelle regelen om at punktum i forkortingar kan sløyfast der det ikkje er fare for misforståing, blir teken bort. Det vil t.d. seia at *m.a.*, *dvs.*, *m.m.* og *osv.* skal skrivast slik.

*IT* el. *it* (for informasjonsteknologi; før: *IT*). *IKT* el. *ikt* (for informasjons- og kommunikasjonsteknologi; før: ikkje normert).

## 3 Teiknsetjing

Aksentbruk i ord av typen '*allé*': I ord som kan skrivast med aksenteikn i grunnforma, kan ein halde på aksent-

teiknet i alle bøyingsformer, t.d. *alléen*, *alléar/alléer*, *alléane/alléene*.

(Før var regelen at dersom ein brukte aksent i grunnforma, t.d. *allé*, måtte likevel aksenteiknet sløyfast i dei bøyde formene *alleen*, *allear/alleer*, *alleane/alleene*.)

## 4 Datering

Det skal vere punktum når vi skriv datoen med siffer og månaden med bokstavar: *5. mars 1998*, *15. august 1999*. Det gjeld både på eiga linje i brevoppstillingar og i samanhengande tekst.

(Før var det valfritt å setje punktum.)

## 5 Stor/liten førebokstav

*Jorda, sola, månen* skal skrivast med liten førebokstav.

(Vedtaket om at desse orda skulle skrivast med liten førebokstav når dei vart brukte som samnamn, og med stor førebokstav når dei vart brukte som eigennamn, dvs. namn på himmellekamar, er oppheva.)

## 6 Ord som kan takast inn i bokmålsordlister

*Bånn* kan først opp som eige ord i ordlister med døme som *bånn i bøtta* og *klampen i bånn*.

# Tid og årsak

---

KJELL IVAR VANNEBO

---

**I**NNLEDERORD i leddsetninger kan ofte Lopptre i forskjellige funksjoner både i norsk og i mange andre språk. For eksempel kan *om* være innlederord både i avhengige spørresetninger (Jeg vet ikke *om hun kommer*), som hører til de substantiviske leddsetningene, og i innrømmelsesetninger (Vi må fullføre *om du vil eller ikke*), som hører til de adverbiale leddsetningene. Dessuten kan *om* også være innlederord i betingelsesetninger, som er en annen undergruppe blant de adverbiale leddsetningene (Jeg kommer *om jeg får tid*). I denne artikkelen skal vi imidlertid se på noen andre ord, som har det til felles at de kan stå som innlederord i leddsetninger som uttrykker tid og årsak.

Slike innlederord i norsk er først og fremst *da*, *når*, *siden* og *etter som / ettersom*. De kan enten innlede tidssetninger, som i A, eller årsakssetninger, som i B:

A *Da ho kom heim*, var alt i orden  
Vi skal besøke henne *når vi får tid*  
Vi har vært sammen *siden vi traff hverandre i Paris*  
Det ble verre og verre *etter som årene gikk*

B *Da jeg er sjuk*, kan jeg ikke komme  
*Når vi har sagt A*, må vi si B  
*Siden skaden er så stor*, lønner det seg ikke å reparere bilen  
Du skal få være med *ettersom du er så flink*

På tilsvarende måte kan også *idet* (nynorsk også: *i det*) innlede både tids- og årsakssetninger: Hun gikk *idet jeg kom* (tid), Vi måtte ta en omvei *idet hovedveien var sperret* (årsak). En parallell til denne bruken har vi f.eks. også ved *as* i engelsk: She smiled *as she danced* (tid), *As he had no income*, he could not go (årsak).

Syntaktisk sett er det en forskjell mellom leddsetningene under A og B. Leddsetningene under A omtales gjerne som *implikative*, mens leddsetningene under B omtales som *eksplikative* (slik f.eks. i Faarlund, Lie og Vannebo: *Norsk referansegrammatikk* s. 975 ff.). Det vil si at en i den første typen forutsetter et «fellesledd» som har funksjon både i oversetningen og i leddsetningen, mens en i den andre typen ikke har noe slikt fellesledd. Og det vil videre si at i setninger av type A, som alle har et temporalt fellesledd, vil handlinga i leddsetningen fungere deiktisk (påpekende) som en tidfesting for handlinga i oversetningen, mens leddsetningene i type B utelukkende fungerer som en årsak for handlinga i oversetningen. Den eneste tidsrelasjonen som eventuelt kan sies å foreligge mellom oversetningen og leddsetningen i B, gjelder ikke tidfesting av handlingene, men det generelle forholdet at den årsaken som uttrykkes i leddsetningen, nødvendigvis må foreligge *før* den handlinga som uttrykkes i oversetningen.



I eksemplene ovenfor er det et klart skille mellom tidsbetydningen til leddsetningene i A og årsaksbetydningen til leddsetningene i B. Og som regel vil det gå klart fram av setningsinnholdet eller av den mer omfattende konteksten om leddsetningen er temporal eller kausal. Men i ganske mange tilfeller kan én og samme setning isolert sett tolkes både temporalt og kausalt:

Han hadde ikke vært på skolen *siden han var syk*  
(siden = 1. etter at 2. fordi)  
Hun var hjemme *da hun var syk*  
(da = 1. den gangen da 2. fordi)

I den siste setningen er det samtidighet mellom 'det å være hjemme' og 'det å være syk'. Og en slik samtidighet kan lett oppfattes som et årsaksforhold: hun var hjemme *fordi* hun var syk. Vi omtolker altså tidsrelasjonen til en årsaksrelasjon. På liknende måte argumenterer også August Western i *Norsk riksmåls-grammatikk* (s. 280 f.), der han hevder at årsaksbetydningen ved *når* «må være utgått fra setninger som meddeler en fortidig kjensgjerning», og illustrerer dette med eksempler som: *Naar Tyskland ikke vilde nøies hermed, ligger det spørsmål nær ...* «En sådan kjensgjerning kan lett komme til å opfattes som årsaken til det som meddeles i *oversetningen*, således som i det siste eksempel, hvor det likeså godt kunde stå *da* som *når*. Herfra er skrittet til virkelig årsak ikke langt, således som i det følgende:

Garborg, Gaaden 17: Han skulde saavist aldrig gjøre det mere, *naar jeg blev saa bedrøvet*  
(= siden jeg blev saa bedrøvet)  
Lie, Knut 1: Ja, *naar du selv saa energisk forsikrer mig om det, faar jeg vel*

*tro dig (= siden eller eftersom du forsikrer mig -).*»

I et historisk perspektiv er det altså grunn til å regne med at tidsbetydningen er den opphavlige ved disse innlederorda, og at årsaksbetydningen er kommet til som resultat av en seinere omtolkning eller av en såkalt reanalyse. Men vi behøver ikke nødvendigvis – som Western – å forutsette at dette har sitt opphav i setninger som «meddeler en fortidig kjensgjerning». Den samme omtolkningen kan også finne sted mellom to setninger som refererer til en situasjon i nåtida, jf. følgende eksempel: *Nå da (når, eftersom, siden) vi er blitt vant til det, tenker vi ikke over det.*

Jeg har så langt bare brukt termen innlederord om *da, når, etter som, siden* og *idet*. Det kan nemlig diskuteres om alle disse innlederorda har samme status ordklassemessig sett, og om eventuelt alle bør klassifiseres som subjunksjoner (= underordnende konjunksjoner). I *Norsk referansegrammatikk* regner en f.eks. med at av innlederne i de implikative tidssetningene ovenfor er *da* et adverb, mens *når* er et spørreord. Disse innlederorda etterfølges normalt ikke av en subjunksjon, selv om forbindelsen *da når* kan forekomme – særlig i talespråk: *Da når ho kom heim, vart ho glad*. Det argumenteres i referansegrammatikken videre for at *idet* kan klassifiseres som en subjunksjon (på linje med andre «ekte» subjunksjoner i tidssetninger som f.eks. *som* og *mens*). Når det gjelder *siden* og *etter (som)*, kan disse analyseres alternativt som preposisjoner eller subjunksjoner, og det antydes at *siden* er en mer typisk subjunksjon enn *etter*, som er en mer typisk preposisjon (jf. *Norsk referansegrammatikk*, s. 1070).

Vi skal imidlertid ikke drøfte innledderordas status nærmere her, men bare nøye oss med å fastslå at ulike typer innledderord kan stå i leddsetninger med både tids- og årsaksbetydning. Også opphavlige substantivfraser som *all den tid* og *all den stund* kan stå som innledere i slike setninger. Her er kjerneleddet i utgangspunktet et substantiv som nettopp uttrykker tid, men som innledere i leddsetninger har også disse frasene fått årsaksbetydning i setninger som: *All den tid hun ikke kommer*, må hun ha glemt det; *Vi kan ikke godta hans påstander all den stund* (= da, ettersom) *han ikke kan underbygge dem*. Et tilsvarende eksempel har vi ved innledderordet *weil* i tysk, som opphavlig er adverbial entall av substantivet *Weile* = «tid, stund». Den substantiviske karakteren til kjerneleddet er fortsatt bevart i middelhøytysk ((*al die wile (dass)*) = (all) den stund (at)), men fra det 15. hundreåret opptrer også årsaksbetydningen, som etter hvert kom til å bli dominerende samtidig som artikkelen falt bort. Gjennom en grammatikaliseringsprosess, der et opphavlig innholdsord får status som et grammatisk funksjonsord, utvikler dermed *weil* seg til å bli en ren årsakssubjunksjon i moderne tysk. I engelsk derimot har den tilsvarende substantivfrasen i gammelengelsk (*þa hwile þe*) utviklet seg til tidssubjunksjonen *while*. I svensk har vi fått en differensiering mellom sub-

junksjonene *medan* og *emedan* slik at *medan* har tidsbetydning (ved siden av at det har adversativ betydning, dvs. uttrykker en motsetning), mens *emedan* har årsaksbetydning: *Jag vilar medan du är borta; Försöket misslyckades, emedan det var illa förberedt*. Men i utgangspunktet hadde også *emedan* temporal (og adversativ) betydning. Det allminneliggjørende prefikset *e-* i *emedan*, som for øvrig svarer til *i-* i norsk *imens*, går opphavlig tilbake på et substantiv for tid, som var beslektet med norrønt *ævi* (jf. nynorsk *i all æve*) og latin *ævum* = «evighet, levetid».

Det vi har sett av disse eksemplene, er altså at det er en nær sammenheng mellom tids- og årsakssetninger. Ut fra en diakron betraktning er tidsbetydningen ved innledderorda primær, mens årsaksbetydningen synes å være utviklet gjennom en reanalyse av de opphavlige temporale innledderne. Men ut fra et synkront perspektiv kan de samme innledderne til dels ha både tids- og årsaksbetydning – og noen ganger også andre betydninger. Dette har sammenheng med at det mellom to etterfølgende språklige enheter ofte kan tenkes flere ulike betydningsrelasjoner. Disse relasjonene kan tydeliggjøres gjennom innledere som binder enhetene sammen, men i mange tilfeller kan også innholdet i innledderorda variere – avhengig av både semantiske og pragmatiske faktorer.

## Språkkupongen

**S**pråkkupongen, interaktive øvingar der ein kan teste kunnskapen sin i språkkunnskap og rettskriving, er blitt eit populært innslag i nettsidene til

Språkrådet. Det blir lagt ut ny kupong kvar månad. Ein finn kupongane her: <http://www.sprakrad.no/kupong.htm>

# Nytt frå Språkrådet

## IKT og norsk språk

Regjeringen har tatt initiativ til at norsk språk, bokmål og nynorsk, skal sikres som fullverdig uttrykksmiddel i språkteknologi og annen informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Norsk språkråd skal lede dette arbeidet og har nylig fått to stillinger til oppgavene. Med utgangspunkt i kartlegging av tilgjengelige IKT-resurser og utviklingstendenser skal Språkrådet utarbeide handlingsplaner, se til at de blir iverksatt, og ellers fremme initiativ for å ta vare på norsk språk i IKT. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med myndigheter, kultur- og forskningsmiljøer og IKT-næringen. Målet er at både nynorsk- og bokmålsbrukere skal ha gode redskaper til støtte for språkbehandling, og at relevante informasjonstjenester o.a. blir tilbudt på begge målformer. Stillingene omfatter også samarbeid på europeisk basis, bl.a. gjennom EUs programmer, og skal etter hvert danne et faglig-administrativt knutepunkt for norsk språk og IKT.

## Språkpolitisk handlingsplan for IKT

Regjeringen la 29. juni fram handlingsplanen E-Norge. I forbindelse med handlingsplanen har Kulturdepartementet gitt Norsk språkråd dette oppdraget:

«Det skal i løpet av 2000 i regi av Norsk språkråd utarbeides en språkpolitisk handlingsplan for norsk språk og IKT, som grunnlag

for en samordnet utvikling av programvare, informasjonssystemer og språkteknologiske verktøy på norsk språk, både bokmål og nynorsk.»

## Ordbok for fysikk og kjemi

*Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk* er ei ny utgjeving i skriftserien til Språkrådet. Boka tek særleg sikte på lærebokforfattarar, konsulentar og forlag, men er òg nyttig som oppslagsbok for lærarar og interesserte elevar. Ordboka, som er på 154 sider, er utarbeidd av ein komité med desse medlemmene: Bjørn Ebbe Lian, Kjell Reistad, Otto Øgrim, Ingrid Dahlø. Ein kan bestille boka direkte frå Norsk språkråd. Prisen er kr 195 pluss porto.

## Interaktivt kurs i nynorsk

Språkrådet arbeider med eit interaktivt kurs i nynorsk, som skal leggjast ut på nettet. Kurset tek særleg sikte på elevar i vidaregåande skule som har nynorsk som sidemål, men skal òg kunne nyttast av andre, m.a. tilsette i staten som treng å friske opp kunnskapane sine.


## Nyttige lister på nettet

Språkrådet har lagt ut på nettet oversikter over skrivemåten for historiske namn, geografiske namn, innbyggjarnamn i Noreg og namn på ein del språk. Ein finn listene her:

<http://www.sprakrad.no/historie.htm>

<http://www.sprakrad.no/geografi.htm>

<http://www.sprakrad.no/spraknor.htm>



Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert det. Det tyder ikkje at Norsk språkråd

går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår frå å bruke ordet, vil vi nemne det uttrykkjeleg. Nyordspalta blir redigert av Vigleik Leira.

**dyskalkuliker** ord brukt i brev av 3.3.2000 fra Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet om person med *dyskalkuli*, dvs. nedsatt regneevne. Jamfør *dysleksi* og *dyslektiker*.

**e-bok** bok i elektronisk format: Forlaget Aschehoug kom alle andre i forkjøpet og lanserte i går e-boken. Jan Kjærstad, Unni Lindell, Arne Berggren og Jostein Gaarder er de første norske forfatterne som går digitalt.

Dagens Næringsliv 30.6.2000.

**ekstremfjernsyn, ekstrem-TV** TVNorge vurderer ekstrem-fjernsyn – Overskrift i Dagens Næringsliv 20.11.1999. Ekstrem-TV skaper bølger i Tyskland [...] En gruppe nøye utvalgte kvinner og menn har latt seg frivillig sperre inne i en boligcontainer utenfor Köln, der TV-kameraer i alle rom filmer alt de foretar seg til enhver tid – alt fra frokostbordet til klosettet. Hensikten er å eliminere deltagerne én etter én, etter hvert som de viker for det mentale presset.

Aftenposten aften 17.3.2000.

**fruktomat** Nordmenn kaster i seg pølser, pizza og andre lett tilgjengelige matvarer i en mer og mer hektisk hverdag. Norges matmor, Ingrid Espeliid Hovig, kjemper for «fruktomater» og sunne alternativ der folk ferdes.

Dagsavisen 29.3.2000.

**gå digitalt** om forlag og forfattere: utgi eller bli utgitt i elektronisk format: Aschehougs største konkurrent, Gyldendal, har ennå ikke konkrete planer om å gå digitalt. – Se også e-bok. – Etter engelsk go digital.

**informasjonsarkitekt** For 6-7 år siden hadde de færreste hørt om nettsted, hyper tekst og World Wide Web. Følgelig er praktisk talt alle som jobber med utforming av nettsteder i dag selvlærte. I mangel av noe bedre er det i dag programmerere og grafiske designere som lager nettsteder. Men disse bør snarest erstattes av en ny yrkesgruppe, nemlig informasjonsarkitekter.

Gisle Hannemyr i PC World Norge 1999,6.

**kontraktfange** Kvoten er på til sammen 18 permisjonsdager i året. [...] Den som velger å skrive en kontrakt med anstalten, kan få 12 ekstra dager i tillegg til de 18. Kontrakten forplikter den innsatte til å avgi urinprøver både når han reiser ut og når han kommer tilbake til fengselet slik at ledelsen kan forvise seg om at han holder seg rusfri mens han er ute. Slike «kontraktfanger» holder til i egne avdelinger på Ila landsfengsel.


Aftenposten 25.3.2000.

**lesemaskin** Lørdag ble 100 elektroniske lesemaskiner fra Hewlett Packard og Aschehoug lagt ut for salg i Norli bokhandel, til 3000 kroner per stykk. [...] Innlagt i lesemaskinene lå fem boktitler.

Dagens Næringsliv 4.7.2000.

**slumresøvn** ...såkalt «terminal sedering». Denne behandlingen er godt beskrevet i norsk og internasjonal faglitteratur og brukes ved flere norske sykehus. Behandlingen består av en blanding av smertestillende og beroligende medikamenter slik at pasienten er smertefri og sovende, men vekkbare. Et forslag til norsk navn på behandlingen har vært «slumresøvn».

Erik Omland i Asker og Bærums Budstikke 15.3.2000.



Redaksjonen tek gjerne mot brev frå lesarane. Det kan vere kommentarar til artiklane og emne i bladet, interessante ord og uttrykk ein har kome over, nyord, spørsmål eller anna. Adressa er: Språknytt, Norsk språkråd, Postboks 8107 Dep, 00 32 Oslo

**Spørsmål:** Skal det være stor eller liten forbokstav i det første ordet etter kolon?

**Svar:** Hovedregelen er at det skal være stor bokstav dersom det som kommer etter kolonet, er (minst) en hel setning, men liten bokstav ellers. Noen eksempler:

Det er noe jeg er sikker på: Vi blir ikke ferdige i tide. (Hel setning etter kolonet.)

Jeg lurer på en ting: Kommer dette til å gå bra? (Hel setning etter kolonet.)

Du må kjøpe alle ingrediensene: mel, melk, smør, gjær, sukker og kanel. (Ikke hel setning etter kolonet.)

De brukte den vanlige taktikken: å hale ut tiden. (Ikke hel setning etter kolonet.)

**Spørsmål:** Kva er rett skrivemåte: *Skal du ut å ete?* eller *Skal du ut og ete?*

**Svar:** Den siste skrivemåten er rett. Sjølv om det kanskje ikkje ser slik ut ved første augnekast, har vi her formelt sett to jamstelte handlingar, og derfor skal vi bruke bindeordet *og*. Det blir lettare å sjå dersom vi tenkjer oss at *Skal du ut og ete?* er ei forkorting av ei setning med to infinitivar, t.d.: *Skal du (gå) ut og ete?*

Dersom vi er i tvil om vi skal bruke *og* eller *å*, er det ofte ei hjelp å gjenomføre fortidsprøva, dvs. å skrive uttrykket om til fortid. Resultatet av fortidsprøva blir *Gjekk du ut og åt?* Her ser vi at begge infinitivane står i fortid (preteritum). Det vil seie at dei er jamstelte, og vi skal altså bruke *og*.

**Spørsmål:** Finnes det en generell regel for om det skrives *overordnede* eller *overordnete*, *fredede* eller *fredete* i bokmål?

**Svar:** Partisipp og sammensatte adjektiv på *-et* i grunnformen får valgfritt *-ede* el. *-ete* i bøydd form:

det *fredede/fredete* huset, *fredede/fredete* hus

det *overordnede/overordnete* spørsmålet, *overordnede/overordnete* spørsmål

Såkalt rene adjektiv på *-et* skal ha *-ete* i bøydd form:

den *fillete skjorta*, *fillete skjorter*  
den *steinete stien*, *steinete stier*

**Spørsmål:** Hva betyr ordet *forfordele*?

**Svar:** Den tradisjonelle betydningen av *forfordele* er 'gi for lite, tildele noen mindre enn vedkommende har rett til'. I dag brukes ordet kanskje vel så ofte med betydningen 'gi for mye'.

*Forfordele* er lånt inn i norsk fra nedertysk *vorvordelen*. Forstavelsen *for-* har flere betydninger og betyr her nærmest 'bort, vekk', det vil si 'ta bort en fordel'. Noe av den samme betydningen har *for-* i *forsvinne*, *forbruke*, *fordrive*. Det er kanskje ikke så rart at *forfordele* brukes også med betydningen 'gi for stor del, gi fordel', siden *for-* også kan ha forsterkende betydning, for eksempel i *forhøye*, *forstørre*.

Vi tilrår å bruke *forfordele* med den tradisjonelle betydningen 'gi for lite'.

# Ivar Aasen-tunet opna

Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda i Ørsta vart opna av kulturminister Ellen Horn 22. juni 2000. I tillegg til å vere museum over Ivar Aasens liv og verk er det nye Aasen-tunet eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevings-senter for nynorsk skriftkultur. Den nye bygningen og uteamfiet er teikna av meisterarkitekten Sverre Fehn.

– Med Ivar Aasen-tunet i drift vonar vi det blir lettare å styrkje den nynorske skriftkulturen og nynorskbrukarane sine reelle rettar, sa Ellen Horn i opningstalen. – Både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar treng Ivar Aasen-tunet for å forstå meir av vår fortid og styre meir av vår framtid. Difor er det mitt håp at denne nye nasjonale kulturinstitusjonen opnar dørene inn til den nynorske skriftkultu-

rens mange rikdommar både for nordmenn og for dei frå andre land.

– Dei planane Nynorsk kultursentrum har lagt fram i søknaden om driftstilskot for 2001, vitnar om både eit høgt ambisjonsnivå og ei enorm spennvidd, frå brukshus for det lokale kulturliv til arena for dei mest ulike kunstnarlege uttrykk, sa kulturministeren.

Det vart selt om lag 7000 billettar ved opninga og til dei mange aktivitetane i tunet under Dei nynorske festspela dei neste dagane. Før utgangen av juli hadde tunet hatt 10 000 besøkjande.

Vi reknar med å kome attende til Ivar Aasen-tunet i neste nummer av Språknytt.

## Filofax eller tidsplanlegger

*Svein Lie, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, skriver i et brev til redaksjonen:*

«Jeg har mottatt Språknytt 1-2/2000, der det som vanlig er mye interessant stoff. Men en liten ting fikk meg til å gripe tastaturet fatt. Jeg leser nemlig på s. 29 at en kan få et såkalt «filofaksinnlegg om mållova». Hva er så det? Jo, det må være noe som passer i en tidsplanlegger av typen Filofax. Men som kjent er Filofax bare en av etter hvert ganske mange slike, også A-plan, Time Manager mfl. bruker samme format. Formatet som her trolig er ment, kalles offisielt visstnok A6, og det burde en ha skrevet her. En annen sak er at begrepet «filofaksinnlegg» ikke angir et presist format, siden Filofax markeds-

fører sine planleggere i flere ulike formater. Men det språklige er her det viktigste: Sjøl om Filofax er den mest kjente tidsplanleggeren, så er ikke det grunn nok til å akseptere at navnet skal gå inn i den generelle betegnelsen på et format, når vi i tillegg har et offisielt god tatt begrep for det. For Språkrådet er vel fortsatt for at vi bruker de offisielle termene?

Jeg synes generelt en skal skille mellom markedsføring og allmenne betegnelser mest mulig. Derfor liker jeg heller ikke at det som i gamle dager het Hovedserien i fotball, heter Tippeligaen bare fordi Norsk Tipping betaler en bråte penger for det, ei heller at fotballcupen heter Coca Cola Cup, og jeg håper jeg slipper å oppleve at jeg arbeider ved Statoil-universitetet i Oslo.»

## FORFATTARANE

**Jon Grepstad** er informasjonsrådgjevar i Norsk språkråd

**Johan Myking** er førsteamanuensis i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen

**Helge Sandøy** er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen

**Ivar Utne** er amanuensis i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen

**Kjell Ivar Vannebo** er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo

**Lars S. Vikør** er professor i Nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo

**Odd Vaage** er prosjektleiar i Statistisk sentralbyrå med ansvar for medie-, kultur- og tidsbruksundersøkingar.

*Omslagsbilete: Jon Grepstad*

## INTERNETT OG TEKST-TV

Tekstene i dette nummeret finst også på Internett:  
<http://www.sprakrad.no>  
Språksider i NRK Tekst-TV: 492-494

### NORSK SPRÅKRÅD

Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Telefon: 22 42 40 20

Telefaks: 22 42 76 76

#### Redaktørar:

Kjell Ivar Vannebo og  
Helge Sandøy

#### Redaksjonssekretær:

Åsta Norheim

E-post: [norheim@sprakrad.no](mailto:norheim@sprakrad.no)

Opplag: 25 500

Fire nummer i året

Redaksjonen avslutta 1.9.00

Form: Bentzen Bakken

Trykk: PDC Tangen 2000

Signerte artiklar står for forfattaren. Redaksjonen tek seg rett til å publisere artiklane på Internett.

ISSN 0333-3825

C-BLAD  
Returadresse:  
NORSK SPRÅKRÅD  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO